



Jan Sæbø Johannessen
Sæbøvågen 31
5938 SÆBØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8293 - 20/57259

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
14.09.2020

Svar på søknad om dispensasjon fra byggegrense til kommunal veg - tilbygg - GBNR 488/5 Sæbø ytre

Tiltak: Dispensasjon frå byggegrense mot veg – tilbygg.
Byggjestad: Sæbøvågen 31, 5938 Sæbøvågen – GBNR 488/5
Tiltakshavar: Jan Sæbø Johannessen
Ansvarleg søkjar: Jan Sæbø Johannessen

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg for tilbygg på våningshus.


Saksutgreiing:

Infomasjon om saka:

Det vert søkt om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg for tilbygg på eit eldre våningshus på Gbnr 488/5, Sæbø ytre. Tiltaket vil ha ei avstnad frå midt kommunal veg på 11,5 meter og vil ikkje ha innverknad på dei trafikale forholda langs vegen.

Vurdering/drøfting:

Kommunal veg er ei ettfeltsveg med to køyreretningar. Det er ikkje innført særskilt fartsgrense på vegen. Dette betyr at fartsgrense følgjer av vegtrafikkloven § 6. For avkjørsle på eigedom er krav til sikt sett til minimum 4 x 45 meter. I siktsoner skal ein ikkje ha sikthindringar som er høgare enn 0,5 meter over kommunalt vegnivå. Tilbygg er plassert slik at det ikkje kjem i konflikt med avkjørsla sin siktzone.



Tiltaket sin plassering vil ikkje ha innverknad på drift og vedlikehald av kommunal veg.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50
00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Samferdsel, veg-, vatn og avløp forvaltning kan ikkje sjå at det ligg føre forhold som tilseier at kommunen ikkje kan gje dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg.

Samandrag/konklusjon:

Alver kommune har vurdert søknaden og finn det forsvarleg å gje dispensasjon frå byggegrense mot veg for tilbygg som vist i søknad datert 11.09.2020. Løyve vert gitt på vilkår:

Vedtak:

Alver kommune gjev, med heimel i Veglova § 29, dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom tilbygg og midt kommunal veg skal være minimum 11,5 meter.
- Ei føresetnad for dispensasjonen er at det vert gitt byggeløyve for tiltaket etter plan og bygningslova.
- Alver kommune fråseier seg alt ansvar for skader som oppstår på tiltak som vert plassert innanfor byggegrense mot veg. Dersom det under drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg, er dette kommunen uvedkomande. Eigar av tiltak skal sjølv sørge for og påkoste utbetring av eventuelle skader.

Alver kommune ved samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning gjer merksam på at tiltaket er søknadspliktig etter plan og bygningslova.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11.

Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefrist er 3 veker, jf. fvl § 29(1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstaning, må høve til klage på vedtaket vert nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommune-lova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jan Sæbø Johannessen

Sæbøvågen 31 5938

SÆBØVÅGEN